**MODALEN KOMMUNE**

# KRISE- og BEREDSKAPSPLAN FOR MODALEN KOMMUNE

Innhald:


| | | | |
|---|---|---|---|
| 1.0 | ETABLERING AV KRISELEIING | | |
| 2.0 | PERSONALRESSURSAR | | |
| | 2.1 | Kriseleiing | |
| | 2.2 | Ressurspersonar for kriseleiinga | |
| | 2.3 | Brannmannskapar | |
| | 2.4 | Varslingstelefonar | |
| | 2.5 | Støtteteam ved kriser i Modalen kommune | |
| | 2.6 | Beredskapsansvarlege ved skule og barnehage i Modalen | |
| 3.0 | INFORMASJONSPLAN | | |
| 4.0 | PLAN FOR EVAKUERING | | |
| 5.0 | PLANHIERARKI | | |
| | OVERORDNA MÅL FOR BERDSKAPS ARBEIDET | | |
| 6.0 | REGLEMENT FOR BEREDSKAPSARBEIDET | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |


Vedlegg:


| | | |
|---|---|---|
| A | Opplæring | |
| B | Utstyr nødstrøm | |
| | | |
| | | |
| | | |


Ny organisering januar 2013
Sist oppdatert 7. mars 2022
Rådmannen

| BEREDSKAPSARBEID I MODALEN KOMMUNE<br>KRISEPLAN<br>1.0 ETABLERING AV KRISELEIING | | |
|---|---|---|
| Først utarbeidd: 19.09.1996 | V/ instans/medarb.: Kommunestyret | Evnt. saksnr.: 043/96 |
| Sist oppdatert: 7.03.2023 | V/ instans/medarb.: Rådmannen | Evnt. saksnr.: |
| **Merknad:** Personalia er redigert; ny ordførar / varaordførar. Samla krise- og beredskapsplan i eit dokument. | | |

Ved eller fare for utvikling av ei omfattande ulukke eller katastrofe kan ordførar/rådmann ta avgjerd om at ei KRISELEIING skal etablerast i kommunen(KKL). I ordførar/rådmann sitt fråver kan dette gjerast av andre medlemer av kriseleiinga. Kriseleiinga er i utgangspunktet tenkt etablert når det er hendingar som går ut over det kvar etat kan ta seg av. Heimelen for denne planen er «Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret av 25.06 2010». Kommunen skal utarbeide ein beredskapsplan etter § 15.

| **Deltakarar:** | **Namn:** | **Funksjon/rolle** | **Oppgåver** |
|---|---|---|---|
| Ordførar | Kjetil Eikefet | Informasjonsansvarleg | Mediekontakt |
| Rådmann | Jo Tømmerbakke | Kriseleiar | Kriseleiar |
| Assisterande rådmann | Tonje Husum Aarland | Personell(vara for leiar) | K1 og K3 |
| Teknisk sjef | Tone Selmer Skuggevik | Fagansvarleg/logistikk | K4 |
| | | Beredskapskoordinator/ etteretning | K2 |
| Leiar kundetorget | Lin Tove Thomassen | Informasjon / loggførar | K5 |
| | | | |
| **Deltakarar ved behov:** | | | |
| Politi i Nordhordland | Ole K Tveiten | Rådgjevar/politikontakt | |
| Kommunelege | Grethe Fosse | Fagansvarleg helse | |
| | | | |
| **Vararepresentantar** | Namn | | |
| Varaordførar | Ann-Jorunn Farestveit | (Er vara for ordførar) | |
| Leiar kundetorget | Anneli Vatle Lilletvedt | Informasjon/loggførar | |
| Rektor Mo skule | Jahn Olav Nordheim | | |
| Økonomisjef | Magne Verpelstad | | |

**Ut frå situasjonen, kan fylgjande også vera aktuelle:**

Heimevernet / forsvaret    Sivilforsvaret    Leiar i næringsmiddeltilsynet
Friviljuge organisasjonar    Modalen Kraftlag    UniMicro/Mosoft    BKK    IUA

**Stad for etablering av kriseleiing:** Kommunehuset
**Mogeleg kommunikasjon:** telefon / mobiltelefon / internett / satellitt-telefon
**Mogeleg med lys og varme ved straumbrot:** Må i så fall prioriterast for aggregat.

**Instansar som kriseleiinga kan etablera kontakt med:** Sjå påfølgjande sider.

**Alternative lokale for kriseleiinga:**

- Reserve alt. 1: Modalen alders- og sjukeheim, men andre alternativ må vurderast utifrå situasjon

**Endringar ved omstilling til krig:** **<u>INGEN</u>**

| BEREDSKAPSARBEID I MODALEN KOMMUNE<br>KRISEPLAN<br>4.0 PLAN FOR EVAKUERING. | | |
|---|---|---|
| Først utarbeidd: 19.09.1996 | v/ instans/medarb.: Kommunestyret | Evnt. saksnr.: 043/96 |
| Sist oppdatert: 13.01.2021 | v/ instans/medarb.: Rådmannen | Evnt. saksnr.: |
| Merknad: Endring, ingen. | | |

**Organisering av oppgåver i KKL:**




Kriseleiar skal leie arbeidet i KKL på eit overordna nivå, få kriseleiinga til å fungere som team.

| | |
|---|---|
| K1 personell: | organisere personell, erstatningspersonell, arbeidsavtalar, lønn/overtid |
| K2 Etteretning: | Skaffe naudsynt informasjon til KKL frå skadestad/nødetatar/andre kjelder |
| K3 Operasjon: | Hjelpe kriseleiar å halde overordna fokus. Tenke og planleggje fram i tid(24t – ei veke – månad osv) |
| K4 Logistikk: | Teknisk utstyr, mat/drikke, IKT, straum, varme, transport/overnatting, plass for evakuering inkl servering, varme, klede osv |
| K5 Informasjon: | Intern og ekstern informasjon(innbyggjarar, tilsette, pårørande), kommunen sine heimesider, varsling 24 |
| Ordførar: | Kommunen sitt ansikt utad, media, pårørande og andre berørte. |

**Oppgåver for kriseleiinga :**

- Kva har skjedd? Kva er gjort? Hendingspotensiale. Innhenta opplysningar om situasjonen.
- Kva gjer vi? Ta avgjerder om å setja i verk tiltak så tidleg som mogleg for å hindra skadar på personar og materielle verdiar.
- Kva treng vi? Prioritera ressursar frå kommunen si side.
- Halda kontakt med dei som er på staden der skaden er skjedd.
- Varsling. Utarbeida og gje informasjon til pårørande, innbyggjarane og media.
- Halde heimesida og media oppdatert med relevant informasjon.
- Gje rapport om situasjonen i kommunen til Statsforvaltaren(Fylkesmannen)

| BEREDSKAPSARBEID I MODALEN KOMMUNE<br>KRISEPLAN<br>2.0 PERSONAL-RESSURSAR | | |
|---|---|---|
| Først utarbeidd: 19.09.1996 | v/ instans/medarb.: Kommunestyret | Evnt. Saksnr.: 043/96 |
| Sist oppdatert: 07.03.2023 | v/ instans/medarb.: Rådmannen | Evnt. Saksnr.: |
| Merknad: Instansar og personalia er samordna og redigert. | | |

Database over sentrale instansar, namn og tlf.nr., er sortert slik:

2.1 KRISELEIINGA
2.2 RESSURSPERSONAR FOR KRISELEIINGA
2.3 BRANNMANNSKAP
2.4 STØTTETEAM VED KRISER

## 2.1 KRISELEIINGA

| Namn | Tittel | Tlf. prv | Tlf. arb. | Tlf. mob | epost |
|---|---|---|---|---|---|
| Kjetil Eikefet | Ordførar | | 56 59 90 02 | 47635709 | Kjetil.eikefet@ modalen.kommune.no |
| Jo Tømmerbakke | Rådmann | 47 46 26 10 | 56 59 90 03 | 47 46 26 10 | Jo.Tommerbakke@ modalen.kommune.no |
| Tonje Husum Aarland | Assisterande rådmann | 92 85 84 13 | 56 59 90 31 | 92 85 84 13 | Tonje.husum.aarland@ modalen.kommune.no |
| Tone Selmer Skuggevik | Teknisk sjef | | 56 59 90 06 | 92 04 32 33 | Tone.Selmer.Skuggevik@ modalen.kommune.no |
| Grethe Fosse | Kommunelege | 90 55 01 27 | 56 59 90 46 | 90 55 01 27 | Grethe.fosse@ modalen.kommune.no |
| Lin Tove Thomassen | Leiar kundetorget | 98 66 78 46 | | 98 66 78 46 | Lin.tove.thomassen@ modalen.kommune.no |
| Ole K Tveiten | Politikontakt | | 56 35 56 73 Alarm 112 | 48 99 06 03 | Ole.kristoffer.tveiten@ politiet.no |
| Ann-Jorunn Farestveit | Varaordførar | | | 41645012 | ann-jorunn-f@hotmail.com |

## 2.2 RESSURSPERSONAR FOR KRISELEIINGA

| Namn | Tittel | Tlf. arb. | Tlf. mob | epost |
|---|---|---|---|---|
| Kjell Idar Vangberg | Lensmann i Nordhordland | [redacted] | [redacted] | [redacted] |
| Vakt | Hordaland Sivilforsvarsdistrikt | [redacted] | [redacted] | [redacted] |
| Karl Johan Staff | HV Indre Hordaland | | [redacted] | [redacted] |
| Knut Helland | Modalen Kraftlag | [redacted] | [redacted] | [redacted] |
| Vakt | Modalen Kraftlag | | [redacted] | [redacted] |
| Satelitt telefonar | Modalen Kraftlag | | | [redacted] |
| Frode Langhelle | Stasjonssjef BKK Steinsland | [redacted] | [redacted] | [redacted] |
| Vakt | Beredskap Statsforvaltaren | [redacted] | [redacted] | [redacted] |
| Vakt | Rødekors Områdeleiar RK | [redacted] | [redacted] | |
| | Modalen Eksingedalen Billag | [redacted] | [redacted] | [redacted] |

## 2.3 BRANNMANNSKAP

| Namn | Tittel | Frammøte | Tlf. mob |
|---|---|---|---|
| [redacted] | [redacted] | [redacted] | [redacted] |
| [redacted] | | [redacted] | [redacted] |
| [redacted] | | [redacted] | [redacted] |
| [redacted] | | [redacted] | [redacted] |
| [redacted] | | [redacted] | [redacted] |
| [redacted] | | [redacted] | [redacted] |
| [redacted] | | [redacted] | [redacted] |
| [redacted] | | [redacted] | [redacted] |
| [redacted] | | [redacted] | [redacted] |
| [redacted] | | [redacted] | [redacted] |
| [redacted] | | [redacted] | [redacted] |
| [redacted] | | [redacted] | [redacted] |
| [redacted] | | [redacted] | [redacted] |
| [redacted] | | [redacted] | [redacted] |
| [redacted] | | [redacted] | [redacted] |
| [redacted] | | [redacted] | [redacted] |
| [redacted] | | [redacted] | [redacted] |
| [redacted] | | [redacted] | [redacted] |

Brannvernet har ikkje vaktordning. Ved brann vert mannskapa varsla via nødnett.
Ved liten respons på nødnett vert det også sendt varsel ved UMS til mannskapa sin mobil.

## 2.4 VARSLINGSTELEFONAR

| | |
|---|---|
| **VAKT-TELEFON TEKNISK ETAT:** | **94 50 73 73** |
| **Vakthavande brannsjef Nordhordland brann og redning** | **91 86 12 47** |
| **MODALEN KOMMUNE** | |
| **SATELITT TELEFON BEREDSKAP:** | **+8816 2245 0263** |

**MODALSTUNET**

Modalstunet **er døgnbemanna.**

Telefon **56 59 90 90** / 56 59 90 96

# ALARMTELEFONAR

| | |
|---|---|
| BRANN | 110 |
| POLITI | 112 |
| AMBULANSE | 113 |

LEGE DØGNVAKT, AKUTT 116 117

## 2.5 STØTTETEAM VED KRISER

## **Varslingsliste** Støtteteam ved kriser **i Modalen Kommune**

Modalen kommune har oppretta støtteteam ved kriser. Dette er eit kommunalt team som har ansvar for psykososial oppfølging av menneske/lokalsamfunn som vert råka av kriser og katastrofar. Kriser og katastrofar vert definert som dramatiske og traumatiserande hendingar som påverkar enkeltmenneske og som normalt går utover det ein vanlegvis taklar aleine eller ved hjelp av sosiale nettverk . Omgrepet kriser vert brukt om dramatiske og traumatiserande enkelthendingar som i hovudsak skjer med få menneske direkte involvert av gangen. Dette kan være plutselege barnedødsfall, sjølvmord, ulike typar ulukker med eller utan dødsfall, voldtekter eller ran.

Støtteteam ved kriser, er ei ressursgruppe som utover å bistå innbyggjarane, også vil kunne fungere som ein ressurs for innsatspersonell ved f.eks. politisentral, legevakt og sjukehus. Støtteteam ved kriser inngår som ein del av kommunen sin generelle beredskapsplan. Teamet skal medverke til ei omsorgsfull og naturleg bedarbeiding etter traumatiske hendingar og har som mål å førebyggja psykiske seinverknader etter kriser.

Den som vert kjent med ei hending som kan opplevast traumatisk kan ta kontakt med ein av personane på lista under. Når ein av personane på varslingslista får melding, har denne ansvaret for å etablera kontakt med resten av teamet.

Støtteteamet er samansett av:

| Tittel | Navn | Tlf. arbeid | Tlf. privat | Mobiltelefon |
|---|---|---|---|---|
| Koordinator | Jorunn  Brekkhus | 56 59 90 48 | 56 59 76 19 | 99 09 00 02 |
| Kommuneoverlege | Grethe Fosse | 56 59 90 46 | 90 55 01 27 | 90 55 01 27 |
| Pleie- og omsorgsleiar | Margrete L. Kvamme | 56 59 90 91 | | 94 50 73 83 |
| Psykiatrisk sjukepleiar | Bente K Håvåg | 56 59 90 48 | | 97 67 76 74 |
| Helsesøster | Randi Møster Aas | 56 59 90 49 | | 45 34 34 69 |
| Rektor | Jahn Olav Nordheim | 56 59 90 70 | | 41 66 75 94 |
| Pedagogisk leiar | Gro Henny Mo | 56 59 90 60 | | 46 45 49 11 |
| Assisterande rådmann | Tonje Husum Aarland | 56 59 90 04 | 92 85 84 13 | 92 85 84 13 |
| Soknesprest | Thorbjørn Aamli | | | 47 62 12 01 |
| Politi | Ole Kristoffer Tveiten | 56 35 56 73 | | 48 99 06 03 |

Teamet etablerer kontakt med andre faginstansar der dette er naturleg.

**Lovgrunnlag:**
Lov om helsetjeneste i kommunene
Lov om helsemessig og sosial beredskap

**Mål for arbeidet:**
1. Redusera opplevelsen av kaos og tap av kontroll
2. Førebyggja utvikling av psykososiale seinskader

**Aktuelle tiltak:**
1. Tidleg hjelp til den ramma
2. Ivareta den enkelte, men også ha heile familien i fokus
3. Gje informasjon med sikte på å gje den ramma best mogeleg oversikt over situasjonen
4. Tilby hjelp frå spesialisthelseteneste
5. Hjelp og støtte over tid

| BEREDSKAPSARBEID I MODALEN KOMMUNE<br>KRISEPLAN<br>4.0 PLAN FOR EVAKUERING. | | |
|---|---|---|
| Først utarbeidd: 19.09.1996 | v/ instans/medarb.: Kommunestyret | Evnt. saksnr.: 043/96 |
| Sist oppdatert: 07.03.2023 | v/ instans/medarb.: Rådmannen | Evnt. saksnr.: |
| Merknad: Endring, ingen. | | |

## 2.6 BEREDSKAPSANSVARLEGE VED SKULE OG BARNEHAGE
( INNMELDT TIL FYLKESMANNEN)

| | **Modalen barnehage** | **Mo skule** |
|---|---|---|
| Representant for eigar | Grete Urdal | Jahn Olav Nordheim |
| Stilling | Styrar | Rektor |
| E-postadresse | grete.urdal@<br>modalen.kommune.no | jahn.olav.nordheim@<br>modalen.kommune.no |
| Tlf. kontor | 56 59 90 60 | 56 59 90 71 |
| Mobil | 95 04 80 31 | 41 66 75 94 |
| Tlf. nr . ekspedisjon | 56 59 90 00 | 56 59 90 00 |
| | | |

| BEREDSKAPSARBEID I MODALEN KOMMUNE<br>KRISEPLAN<br>4.0 PLAN FOR EVAKUERING. | | |
|---|---|---|
| Først utarbeidd: 19.09.1996 | v/ instans/medarb.: Kommunestyret | Evnt. saksnr.: 043/96 |
| Sist oppdatert: 07.03.2023 | v/ instans/medarb.: Rådmannen | Evnt. saksnr.: |
| Merknad: Endring, ingen. | | |

# Informasjonsplan.

**Kven har informasjonsansvaret i kommunen:**
Leiar: Ordføraren.
Nestleiar: Varaordførar.

**Kvar skal informasjonskontoret etablerast:**
Stad: Kommunehuset
Tlf: 56599000
Fax: 56599001
Epost: postmottak@modalen.kommune.no
Utstyr: Kopimaskin, mobiltelefon, internett /PC- trådløst gjestenett, satellitt-telefon
**Media:** Konferanserommet vis/avis Samfunnshuset på Mo vert stilt til disposisjon for pressemedarbeidarar. Her vert og evnt. pressekonferansar haldne.

**Oppgåver for informasjonstenesta:**

- Innhenta informasjon om situasjonen og rapportera vidare.
- Gje informasjon til innbyggjarane om situasjonen
- Informera om farlege situasjonar som kan oppstå og bidra til at ytterlegare skadar kan førebyggjast.
- Informera om helsemessige og sosiale tilhøve, vareomsetjing, energi, kommunikasjon osv.
- Informera tilsette i kommunen.
- Informera media.

**Aktuelle media for kommunen:**
Aviser:Vaksdalsposten, Hordaland, Bergens Tidende, Bergensavisen, Strilen, Nordhordland.
Andre: Distriktsradio NRK, Vestlandsrevyen

**Andre måtar å spreia informasjon på innan kommunen:**

- Kommunal heimeside - Facebook
- Telefonvarsling SMS
- Via postkassane
- Via skulen, informasjon til/med elevane
- Informasjonsmøte i forsamlingslokale
- Via høgtalarbil
- Ved oppslag, flygeblad i postkassane
- Ved å oppsøkja husstandane

**Kontakt med ulike instansar.**

- Statsforvaltaren, beredskapsavd.: [redacted]
  Epost: [redacted]

**Endringar ved omstilling til krig: <u>INGEN</u>**

| BEREDSKAPSARBEID I MODALEN KOMMUNE<br>KRISEPLAN<br>4.0 PLAN FOR EVAKUERING. | | |
|---|---|---|
| Først utarbeidd: 19.09.1996 | v/ instans/medarb.: Kommunestyret | Evnt. saksnr.: 043/96 |
| Sist oppdatert: 07.03.2023 | v/ instans/medarb.: Rådmannen | Evnt. saksnr.: |
| Merknad: Endring, ingen. | | |

# Plan for evakuering.

**Plan for evakuering av personar frå eit skadeområde eller eit utsett område i kommunen til annan stad i eller utanfor kommunen.**

**Kven er ansvarleg for å leia evakueringsarbeidet:**
- Politi og redningssentral.

**Kva personalressursar kan brukast for å gjennomføra evakueringa:**
- Brannvernet, friviljuge.

**Oppgåver til dei som skal leia gjennomføringa av evakueringa:**
- Skaffa oversikt over evakueringsområdet. (kven som bur der)
- Informera innbyggjarane i området som skal evakuerast om kven dei skal ta med seg.
- Skaffa eigna transportmidlar.
- Samla personar i eigna lokale, når innkvartering ikkje kan skje direkte.
- Føreta registrering over kven som vert innkvartert kvar og kven som flyttar på eiga hand.
- Kontrollera at evakueringsområdet er tomt og setja ut vaktmannskap.
- Gje hjelp ved behandling av skada personar og personar med psykiske problem.
- Samarbeida med skadestadsleiar.
- Syta for forpleining og evnt. klede.
- Ivareta omsorgsfunksjonen. Avtala med prest og evnt. friviljuge organisasjonar.
- Gje løpande informasjon.

**Aktuelle innkvarteringsstader i kommunen:**

| | | |
|---|---|---|
| Samfunnshuset på Mo | Samfunnshuset på Øvre Helland | Bedehuset |
| Bryggjeslottet | Private etter avtale | Mobryggja |

**Eventuelle endringar etter ei omstilling i krig:**
Ved evnt. tilflytting vert det sett opp eigne lister for innkvartering.

| BEREDSKAPSARBEID I MODALEN KOMMUNE<br>BEREDSKAPSPLAN<br>5.0 PLANHIERARKI, GENERELT | | |
|---|---|---|
| Først utarbeidd: 07.08.2003 | v/ instans/medarb.: Rådmannen | Evnt. saksnr.: |
| Sist oppdatert: 07.03.2023 | v/ instans/medarb.: Rådmannen | Evnt. saksnr.: |
| Merknad: Skissen illustrerar planhierarkiet, og er ikkje uttømande for samtlege kommunale planar. | | |

# PLANHIERARKI, generelt




**Risiko- og sårbarhetsanalyse for Modalen kommune**
vedteken av Kommunestyret den 22.09.16, sak 048/2016 . Arkivsak 15/325

**Risiko- og sårbarhetsanalyse for Brann og Redning, Modalen kommune**
Arkivsak 15/32 jnpost 15/221

**Samordna strategisk beredskaplan for atomberedskapsaktørane i Hordaland**
Arkivsak 17/45 jnpost 17/366 og 17/365

**<u>Planverk for lokale samarbeidande instansar:</u>**

Modalen kraftlag – beredskapsplan (november 2009)

# Overordna mål for beredskapsarbeidet.

- Modalen kommune skal ha tilfredsstillande beredskap mot aktuelle kriser og uønska hendingar.
- Det skal takast naudsynte beredskapsmessige omsyn ved kommunal planlegging, utbygging og drift.
- Kommunen skal vera førebudd på raskt å kunna setja i verk tiltak, når krise har oppstått.

## Kommuneplanen for Modalen kommune, 2015 -2026
**vart vedteken av kommunestyret 15.10.2015, sak 033/15**

**Eit av hovudmåla i planen er:**
*«Modalen er ein attraktiv, trygg og inkluderande plass å bu»*
Både i **samfunnsdelen** (s15) og i **arealdelen** (s30) og (s34) er mål og metodar for arbeide med samfunns-sikkerhet omtala.

Arbeidet med Risiko og sårbarheit er særskilt omtala i Kap. 4.5 (s.64 -68).

## Overordna Risiko- og sårbarheitsanalyse for Modalen kommune
***«Saman for eit robust lokalsamfunn»***
**vart vedteken av kommunestyret 22.09.2016 - sak 048/2016 - med slikt vedtak:**

***«Kommunestyret vedtek Risiko- og sårbarheitsanalysen for Modalen kommune slik den ligg føre.***

***Kommunestyret ber rådmannen følgje opp ulike framlegg til tiltak for utbetringar gjennom den løpande drifta i kommunen og ved framlegg til budsjett- og økonomiplan for dei komande år.»***

I arbeidet med budsjett/økonomiplan for 2018-2021 er det teke omsyn til ulike tiltak for oppfølging i den løpande drift og i vedtekne/planlagte investeringar. Dette vert å følgje opp vidare i komande åra.

Beredskapsplanar skal ajourførast kontinuerleg slik at kommunen er best mogeleg rusta til å møta krisesituasjonar. Basert på ROS-analyse (risiko og sårbarhetsanalyse) skal det føreliggja planar for kriseberedskap både på overordna- og einingsnivå.

## Hovudoppgåve for ein kommune i ei krise

Innanfor kommunen sitt geografiske område har kommunen eit ansvar for alle som til ei kvar tid oppheld seg i kommunen, også dei som oppheld seg der for kortare periodar.

| BEREDSKAPSARBEID I MODALEN KOMMUNE<br>BEREDSKAPSPLAN<br>6.0 REGLEMENT. | | |
|---|---|---|
| Først utarbeidd: 23.01.1990 | v/ instans/medarb.: Kommunestyret | Evnt. saksnr.: 3/91 |
| Sist oppdatert: 07.03.2023 | v/ instans/medarb.: Rådmannen | Evnt. saksnr.: |
| | | |

# Reglement for beredskapsarbeidet.

## 1.0 Folkevalde organ sine oppgåver:

Kommunestyret trekkjer opp hovudlinene for arbeidet med dei beredskapsoppgåver som kommunestyret har ansvar for.

Formannskapet skal på vegne av kommunestyret utføre tilsyn med og samordna beredskapsarbeidet som kommunen er pålagt i samsvar med særlov.
Delegeringsreglement Ksak 036/12 – 20.06.12.

Ordførar har delegert budsjettfullmakt på kr 500.000 i tilknyting til krisesituasjonar.
Jmf:Delegeringsreglement Ksak 036/12 – 20.06.12.

## 2.0 Beredskapsråd.

Kommunen har etablert eit beredskapsråd som skal vera kommunen sitt samarbeidsorgan i beredskapsspørsmål, og som har fylgjande samansetjing:

| | | |
|---|---|---|
| Ordførar | Kjetil Eikefet | |
| Varaordførar | Ann-Jorunn Farestveit | |
| Rådmann | Jo Tømmerbakke | Leiar |
| Assisterande rådmann | Tonje Husum Aarland | Nestleiar |
| Teknisk sjef | Tone Selmer Skuggevik | |
| Kommunelege | Grethe Fosse | |
| Brannsjef | Karl Atle Romarheim | |
| Politiet i Nordhordland | Ole K Tveiten | |
| Indre HL HV-område | Karl Johan Staff, Sjef | |
| Hordaland Sivilforsvarsdistrikt | Distriktssjef | |

## 3.0 Administrasjonen sine oppgåver.

Rådmannen eller den han gjev mynde, er dagleg leiar for beredskapsarbeidet i kommunen.

Rådmannen er ansvarleg for at beredskapsmessige omsyn vert teke med ved planlegginga i kommunen, at kommunen sine beredskapsplanar vert halde à jour og at planlagde førebuingar av beredskapstiltak vert gjennomført.

Rådmannen har ansvar for å behandla/ajourføra ein samordna plan for organisasjonsendringar og overføring av tenestemenn i kommuneadministrasjonen ved beredskap og krig.

Rådmannen har ansvaret for oppbevaring av alle dokument og for distribusjon og behandling av graderte dokument.

## 4.0 Kommunal beredskapsplikt vert m.a. regulert av:

***Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven)***
http://www.lovdata.no/all/hl-20100625-045.html

***Forskrift om kommunal beredskapsplikt:***
http://www.lovdata.no/for/sf/jd/xd-20110822-0894.html

***Veiledning til forskrift om kommunal beredskapsplikt***
http://www.dsbinfo.no/DSBno/2012/Veiledning/Veiledningtilforskriftomkommunalberedskapsplikt/

Lov av 25.juni 2010 nr.45 Kapittel V Kommunal beredskapsplikt

**§ 14.** *Kommunal beredskapsplikt - risiko- og sårbarhetsanalyse*

Kommunen plikter å kartlegge hvilke uønskede hendelser som kan inntreffe i kommunen, vurdere sannsynligheten for at disse hendelsene inntreffer og hvordan de i så fall kan påvirke kommunen. Resultatet av dette arbeidet skal vurderes og sammenstilles i en helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse.

Risiko- og sårbarhetsanalysen skal legges til grunn for kommunens arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap, herunder ved utarbeiding av planer etter lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven).

Risiko- og sårbarhetsanalysen skal oppdateres i takt med revisjon av kommunedelplaner, jf. lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) § 11-4 første ledd, og for øvrig ved endringer i risiko- og sårbarhetsbildet. Departementet kan gi forskrifter med nærmere bestemmelser om gjennomføring av risiko- og sårbarhetsanalysen.

**§ 15.** *Kommunal beredskapsplikt - beredskapsplan for kommunen*

Med utgangspunkt i risiko- og sårbarhetsanalysen etter § 14 skal kommunen utarbeide en beredskapsplan.

Beredskapsplanen skal inneholde en oversikt over hvilke tiltak kommunen har forberedt for å håndtere uønskede hendelser. Som et minimum skal beredskapsplanen inneholde en plan for kommunens kriseledelse, varslingslister, ressursoversikt, evakueringsplan og plan for informasjon til befolkningen og media.

Beredskapsplanen skal være oppdatert og revideres minimum én gang per år. Kommunen skal sørge for at planen blir jevnlig øvet.
Departementet kan gi forskrifter med nærmere bestemmelser om beredskapsplanens innhold og øvrige krav etter denne bestemmelsen.

| BEREDSKAPSARBEID I MODALEN KOMMUNE<br>BEREDSKAPSPLAN<br>VEDLEGG A - OPPLÆRING | | |
|---|---|---|
| Først utarbeidd: 18.08.2003 | v/ instans/medarb.: Rådmannen | Evnt. saksnr.: |
| Sist oppdatert: 07.03.2023 | v/ instans/medarb.: Rådmannen | Evnt. saksnr.: |

# OPPLÆRING.

Modalen kommune har ei opplæringsnemnd, som er slik samansett:

| | | |
|---|---|---|
| Rådmann | Jo Tømmerbakke | Leiar |
| Assisterande rådmann | Tonje Husum Aarland | Nestleiar |
| Frå fagorganisasjon | Kari Øvretveit | Medlem |

**Trong for opplæring / ønskje, vert i hovudsak fanga opp slik:**

- Årleg førespurnad til avdelingar og organisasjonar.
- Drøfting i opplæringsgruppa.
- Innspel som følgje av medarbeidarsamtalar, møter m.m.

**Avgjerder:**

- Opplæringsgruppa, hovudfordeling av opplæringsmidlar
- Tilleggstildeling i opplæringsgruppa når det er saker.
- Det er og ein mindre pott på kvart avdelingsbudsjett, til fordeling ved div. kurs som kjem til gjennom året.

**Distribusjon:**

- Kurskatalogar, kursinnbyding frå Sentralskolen for sivilt beredskap, og andre instansar innan beredskapssektoren, vert distribuert til ordførar og rådmann, evnt. til fleire.

**Øving:**

KKL gjennomfører øvingar initiert av Statsforvaltaren si beredskapsavdeling.

Beredskapsrådet har årleg møte der fokus vert sett på ulike tema for beredskap.

| BEREDSKAPSARBEID I MODALEN KOMMUNE<br>BEREDSKAPSPLAN<br>VEDLEGG B - NØDSTRAUM. | | |
|---|---|---|
| Først utarbeidd: 18.08.2003 | v/ instans/medarb.: Rådmannen | Evnt. saksnr.: |
| Sist oppdatert: 07.03.2023 | v/ instans/medarb.: Rådmannen | Evnt. saksnr.: |

## Nødstraumsaggregat:

| **Aggregat:** | **Merknad:** |
|---|---|
| [redacted] | [redacted] |
| [redacted] | [redacted] |
| [redacted] | [redacted] |
| [redacted] | [redacted] |